



## Møteprotokoll

---

**Utval:** Samferdselsutvalet  
**Møtestad:** Digitalt møte  
**Dato:** 10.06.2026  
**Tid:** kl 10:30 - 13:10

---

### Faste medlemer som møtte:

Hans Olav Myklebust  
Torgeir Dahl  
Gro Anita Loen Sve  
Carl-Henrik Myrseth Moltumyr  
Lene Vadseth Larsgård  
Randi Walderhaug Frisvoll  
Pål Farstad  
Geir Ove Leite  
Hanne Notøy  
Lisa Alvestad  
Nils Olav Moen  
Bjarne Kvalsvik

### Funksjon

Leiar  
Nestleiar  
Medlem  
Medlem  
Medlem  
Medlem  
Medlem  
Medlem  
Medlem  
Medlem  
Medlem

### Representerer

FRP  
H  
FRP  
H  
H  
KRF  
V  
AP  
AP  
SP  
INP  
KDL

### Forfall

Anders Lindbeck

### Representerer

SV

### Varamedlem

Jack Narve Sæther

### Representerer

AP

### Frå sekretariatet:

Kari Rundmo  
rådgivar

| Frå administrasjonen møte på heile eller delar av møtet: |                          |
|----------------------------------------------------------|--------------------------|
| Jesper Wiig                                              | samferdselsdirektør      |
| Magne Vinje                                              | ass. samferdselsdirektør |
| Stig Helle-Tautra                                        | avdelingssjef FRAM       |
| Ole Jan Tønnesen                                         | fylkesvegsjef            |

Møtet blei sett med 13 medlemer.

Anders Krogseth frå ungommens fylkesråd var tilstede fram til kl. 11.17.

Innkallinga blei godkjent utan merknader.

#### **Orientering:**

- Kanalstrategi - valg v/Toril Karlsnes, seksjonsleiar FRAM marknad (10. min)
- Trafikksikkerhet og buss ordningen etter skoletid – Ungdommens fylkesråd v/Anders Krogseth
- Revidert nasjonalbudsjett 2026 v/samferdselssjef Jesper Wiig

#### **Til saklista:**

Hans Olav Myklebust (FRP) - ber om at følgjande blir sett på saklista

- RS 16/26 blir sett på saklista som eiga sak. Saka blei samrøystes sett på saklista som sak PS 37/26
- ber om at sak om bussordning etter skoletid blir sett på saklista. Saka blei samrøystes sett på saklista som sak PS 38/26
- ber om at sak om revidert nasjonalbudsjett 2026 blir sett på saklista. Saka blei samrøystes sett på saklista som sak PS 39/26

Saklista med endringar blei godkjent.

## Saksliste

| Saksnr   | Sakstittel                                                    |
|----------|---------------------------------------------------------------|
| SPU-     | Spørsmål                                                      |
| RS-14/26 | Averøy kommune - fv 6072 - Averøy indre                       |
| RS-15/26 | Kunnskapsgrunnlag om økonomisk utvikling samferdsel 2019-2025 |
| RS-16/26 | Nordøyvegen - bompengar og vurdering av reduserte takstar     |
| PS-35/26 | Prosjektdefinisjon utbetring Eiksundtunnelen                  |
| PS-36/26 | Hurtigbåtrute 800 mellom Kristiansund og Trondheim - høyring  |
| PS-37/26 | Nordøyvegen - bompengar og vurdering av reduserte takstar     |
| PS-38/26 | Bussordning etter skuletid                                    |
| PS-39/26 | Revidert nasjonalbudsjett 2026                                |
| GP-      | Godkjenning av protokoll                                      |

Møtet vart heva kl. 13:10

## **SPU Spørsmål**

### **Samferdselsutvalet 10.06.2026**

Randi W. Frisvoll (KRF) - Sørsundbrua

Samferdselsdirektør Jesper Wiig og fylkesvegsjef Ole Jan Tønnesen svarte på spørsmålet.

Bjarne Kvalsvik (KDL) - Busstopp på Nautøya

Fylkesvegsjef Ole Jan Tønnesen svarte på spørsmålet.

Nils Olav Moen (INP) - Feilmerket oppstillingsplass Årvik Ferjekai?

Spørsmålet vil bli svart ut i neste møte.

Nils Olav Moen (INP) - Hva betyr et ja til Stad skipstunnel for fv. 61 Hareid Sulesund og Årvik Koparnes?

Spørsmålet vil bli svart ut i neste møte.

Hans Olav Myklebust (FRP) - Fv. 61 Tilkomst til Saunesmarka, kryssløysing

Samferdselsdirektør Jesper Wiig svarte på spørsmålet.

### **Behandling**

#### **Sørsundbrua, foreslått av Randi Walderhaug Frisvoll, Kristelig Folkeparti**

Kan samferdselsutvalget få nærmere orientering om Sørsundbrua - omfang del 2 av prosjektet og den estimerte kostnadssprekken på 100 mill. som har oppstått?

#### **Busstopp på Nautøya, foreslått av Bjarne Kvalsvik, Kyst- og distriktslista for Møre og Romsdal**

Etter at busstoppet på Nautøya vart stengd i nordleg retning er det i praksis ikke mulig å ta buss til og fra Nautøya. En må gå langs den sterkt trafikkerte vegen enten fra Røyra eller fra Stokksund. Det er ca.2 km i begge retninger. Vegen har 80 sone og ingen gangveg.

På Stokksundbrua er det også mange som står å fisker hele året.

I avkjørslene til Nautøya og Jensholmen har det opp gjennom årene vert mange ulykker. Berre til nå i år har det vert minst to ulykker i krysset på Jensholmen.

Gjennom krysset på Nautøya går all trafikk til Herøy Gard/ Herøy Kystmuseum. Den blir flittig brukt av både skoler og barnehager. Det ville vert en tragedie om de blir innblandet i en ulykke her. Også store turistbusser køyrer til Herøy Gard/ Herøy kystmuseum. Denne trafikken vil berre øke nå når Herøy har fått cruisekai. Notøy Grendalag krever derfor at fartsgrensen blir sett ned på strekningen Stokksundbrua til Jensholmen. Videre kreves det at trær ved krysset, som tar sikten til busslommen blir fjernet slik at busstoppet kan bli tatt ibruk igjen. En langsiktig løysning ville vært å skyte av fjellet på aust-siden av vegen slik at en får bedre oversikt, og at en kan stoppe i krysset uten fare for å bli påkjørt bakfra. På vest-siden var det for noen år tilbake satt opp gatelys. Da vart avkjøringslommen, som var der tidligere fjernet. Her er det berre å flytte autovernet, og gatelystet så har enn avkjøringsfelt i orden. Hva kan gjeres med dette?

### **Feilmerket oppstillingsplass Årvik Ferjekai ?, foreslått av Nils Olav Moen, Industri- og Næringspartiet**

En etterlengtet oppgradert oppstillingsplass er kommet på plass. Men for undertegnede kan det sjå ut som den er feilmerket ? Og uten montert lysregulering som viser at en kan kjøre om bord. Bør ikke felt 2 være felt 1? Bilister som er ukjente veit nå ikke at dei kan kjøre om bord. Og felt 2 som er et kort oppstillings felt kan miste plassen på ferja fordi dagens felt 1 går vidare langs fv. 61 mot Larsnes. Og hele felt 2 kan bli stående igjen ved mye biler i felt 1.

### **Hva betyr et ja til Stad skipstunnel for FV 61 Hareid Sulesund og Årvik Koparnes?, foreslått av Nils Olav Moen, Industri- og Næringspartiet**

Dette er en sak som ikke trenger svar på i dagens møte 10 juni 2026, men som kan videresendes og svares ut når administrasjonen har en sak klar til politisk behandling. Bygging av Stad skipstunnel kommer å bety stor aktivitet i hele byggeperioden. Som betyr at i starten på 2027 og vidare så må en regne med stor økning i trafikken på begge ferje sambandene på FV61.

Spørsmål:

1. Er det mulig å øke ferje kapasiteten spesielt på sambandet Årvik Koparnes fra en kommer skikkelig i gang med utbyggingen i 2027?
2. På ferjesambandet Årvik Koparnes må det settes inn kveld og natt avganger samkjørt med sambandet Hareid Sulesund. Er det mulig fra 2027? Og til hva kostnad?

**Fv. 61 Tilkøst til Saunesmarka, kryssløysing, foreslått av Hans Olav Myklebust,  
Fremskrittspartiet**

Eg syner til endra prioritering i Ulstein kommune vedkomande kommunal prioritering av kryssløysingar på fylkesvegane. Ulstein kommunestyre prioriterer no kryss i Saunesmarka før kryss på Hasund. Korleis er saksgangen i fylkeskommunen og dialogen med Ulstein kommune vidare i denne saka?

**RS 14/26 Averøy kommune - fv 6072 - Averøy indre**

**Samferdselsutvalet 10.06.2026**

**Behandling**

Nils Olav Moen var ikke tilstede under voteringa. 12 voterande.

Samferdselsutvalet tok referatsaka til orientering.

**RS 15/26 Kunnskapsgrunnlag om økonomisk utvikling samferdsel 2019-2025**

**Samferdselsutvalet 10.06.2026**

**Behandling**

Nils Olav Moen (INP) kom tilbake i møtet. 13 voterande.

Rådgivar Hilde Bolsønes orienterte i saka.

Samferdselsutvalet tok referatsaka til orientering.

## **RS 16/26 Nordøyvegen - bompengar og vurdering av reduserte takstar**

**Samferdselsutvalet 10.06.2026**

### **Vedtak:**

Saka blei samrøystes sett på saklista som sak PS 37/26.

## **PS 35/26 Prosjektdefinisjon utbetring Eiksundtunnelen**

**Samferdselsutvalet 10.06.2026**

### **Vedtak:**

1. Samferdselsutvalet vedtar prosjektdefinisjon for utbetring av Eiksundtunnelen, slik det går fram av saksframlegget.
2. Utbetring av Helgehorntunnelen og Morkaåstunnelen kan vurderast som opsjon i kontrakten.

### **Behandling**

#### **Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Opprinnelig forslag**

**For:** 13 stemmer (100%) - AP 3, FRP 2, H 3, INP 1, KDL 1, KRF 1, SP 1, V 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

### **Fylkeskommunedirektøren si innstilling:**

1. Samferdselsutvalet vedtar prosjektdefinisjon for utbetring av Eiksundtunnelen, slik det går fram av saksframlegget.
2. Utbetring av Helgehorntunnelen og Morkaåstunnelen kan vurderast som opsjon i kontrakten.

## **PS 36/26 Hurtigbåtrute 800 mellom Kristiansund og Trondheim - høyring**

**Samferdselsutvalet 10.06.2026**

### **Vedtak:**

1. Samferdselsutvalet vedtek å sende saka om framtidig organisering av hurtigbåtrute 800 Kristiansund - Trondheim på offentlig høyring.
2. Følgjande alternativ skal inngå i høyringa:
  - a) Vidareføring av dagens rutetilbod
  - b) Omlegging av rutetilbodet
  - c) Avvikling av rutetilbodet og vriding til andre transportløysingar
  - d) Auke i rutetilbodet.
3. Høyringsfristen blir sett til 15. august 2026.
4. Fylkeskommunedirektøren legg saka fram for ny politisk handsaming etter gjennomført høyring.

Det blir lagt opp til dialogmøte med kommunane i Møre og Romsdal, etter modell frå Trøndelag fylkeskommune, som har tilsvarande møte med kommunar som blir påverka av hurtigbåtanbodet.

### **Behandling**

#### **Alternativt forslag til bokstav c., foreslått av Pål Farstad, Venstre**

- c) Auke rutetilbodet.

Pål Farstad (V) trekte forslaget sitt før votering.



**Fellesforslag - Dialogmøte, foreslått av Geir Ove Leite, Arbeiderpartiet**

Det blir lagt opp til dialogmøte med kommunane i Møre og Romsdal, etter modell frå Trøndelag fylkeskommune, som har tilsvarande møte med kommunar som blir påverka av hurtigbåtanbodet.

**Fellesforslag - Nytt punkt d., foreslått av Hans Olav Myklebust, Fremskrittspartiet**

Auke i rutetilbodet.

**Votering nr 1 - Votering over punkter**

Punkt: **Fylkeskommunedirektøren si innstilling punkt 1, 2 a, 2b, 3 og 4**

**For:** 13 stemmer (100%) - AP 3, FRP 2, H 3, INP 1, KDL 1, KRF 1, SP 1, V 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

-----

**Votering nr 2 - Votering over punkter**

Punkt: **Fylkeskommunedirektøren si innstilling punkt 2 c**

**For:** 11 stemmer (85%) - AP 3, FRP 2, H 3, INP 1, KRF 1, SP 1

**Mot:** 2 stemmer (15%) - KDL 1, V 1

Stemmer:

Bjarne Kvalsvik (KDL)

Pål Farstad (V)

-----

**Votering nr 3 - Votering over forslag**

Forslag: **TF - Fellesforslag - Nytt punkt d.**

Hans Olav Myklebust (FRP), Andre parti: AP, FRP, H, INP, KDL, KRF, SP, V

**For:** 13 stemmer (100%) - AP 3, FRP 2, H 3, INP 1, KDL 1, KRF 1, SP 1, V 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

-----

#### **Votering nr 4 - Votering over forslag**

Forslag: **TF - Fellesforslag - Dialogmøte**

Geir Ove Leite (AP), Andre parti: AP, FRP, H, INP, KDL, KRF, SP, V

**For:** 13 stemmer (100%) - AP 3, FRP 2, H 3, INP 1, KDL 1, KRF 1, SP 1, V 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

#### **Fylkeskommunedirektøren si innstilling:**

1. Samferdselutvalet vedtek å sende saka om framtidig organisering av hurtigbåtrute 800 Kristiansund - Trondheim på offentlig høyring.
2. Følgjande alternativ skal inngå i høyringa:
  - a) Vidareføring av dagens rutetilbod
  - b) Omlegging av rutetilbodet
  - c) Avvikling av rutetilbodet og vriding til andre transportløysingar
3. Høyringsfristen blir sett til 15. august 2026.
4. Fylkeskommunedirektøren legg saka fram for ny politisk handsaming etter gjennomført høyring.

#### **PS 37/26 Nordøyvegen - bompengar og vurdering av reduserte takstar**

##### **Samferdselsutvalet 10.06.2026**

#### **Vedtak:**

Saka utsettes.

Samferdselsutvalet ber fylkeskommunedirektøren legge fram ei ny sak som avklarar det formelle og juridiske handlingsrommet for å fremje initiativ om endring av bompengeproposisjonen for fv. 659 Nordøyvegen.

Saka skal særleg vurdere moglegheita for å redusere passeringstaket frå 40 til 20 passeringar per månad for takstgruppe 1 og takstgruppe 2, samt kva endringar i bompengeproposisjonen og tilhøyrande stortingsvedtak som eventuelt er nødvendige for å gi handlingsrom til å redusere passeringstaket og den samla bompengebelastninga på Nordøyvegen.

Saka skal vidare gjere greie for korleis eventuelle økonomiske konsekvensar kan handterast, og korleis Haram og Ålesund stiller seg til ei utviding av nedbetalingstid på inntil 5 år.

### **Behandling**

#### **Fylkestinget utfordrar staten, foreslått av Hans Olav Myklebust, Fremskrittspartiet**

Samferdselsutvalet tar saka til orientering. Samferdselsutvalet ber fylkestinget utfordre staten til å vere med på eit spleiselag for å redusere bompengebelastninga på Nordøyvegen.

#### **Tilleggsforslag, foreslått av Lisa Alvestad, Senterpartiet**

Samferdselsutvalet ber om meir informasjon om den økonomiske situasjonen knytt til Nordøyvegen. Samferdselsutvalet vil ha oversikt over inntektene som er knytt til vegen i ferjeavløsningsmidler, vedlikeholdsmidler, innbetaling frå Haram og Ålesund og eventuelle andre inntekter som kjem på grunn av prosjektet. Samferdselsutvalet ber om ei fullstendig oversikt over økonomien i prosjektet frå oppstart med bidraga frå næringsliv og kommunar, slik at samferdselsutvalet ser kor stor del som belaster fylkeskommunen i prosjektet. Samferdselsutvalet har oversikt over dette frå tidlegare rapportar, så ber om ei slik oppstilling med oppdaterte tal.

#### **Endring av bompengeproposisjonen, foreslått av Lisa Alvestad, Senterpartiet**

Samferdselsutvalet ber fylkestinget ta initiativ til endring av bompengeopplegget for fv. 659 Nordøyvegen med sikte på redusert bompengebelastning for innbyggjarar og næringsliv.

Samferdselsutvalet ber fylkeskommunedirektøren legge fram sak for fylkestinget med eit konkret forslag til nødvendige endringar i bompengeproposisjonen vi må be om frå Stortinget, slik at det blir gitt handlingsrom til å redusere passeringstaket og den samla bompengebelastninga på Nordøyvegen. Dette gjeld å få ned bompengetaket frå 40 til 20, og å utvide innkrevingsperioden med opp til 5 år. Saksgrunnlaget frå denne saken må leggest med for å vise til økonomisk inndekking av endringane.

Eventuelle økonomiske bidrag frå fylkeskommunen skal behandlast i samband med ordinær budsjett- og økonomiplanhandsaming.

#### **Utsettingsframlegg, foreslått av Lisa Alvestad, Senterpartiet**

Samferdselsutvalet ber fylkeskommunedirektøren legge fram ei ny sak som avklarar det formelle og juridiske handlingsrommet for å fremje initiativ om endring av bompengeproposisjonen for fv. 659 Nordøyvegen.

Saka skal særleg vurdere moglegheita for å redusere passeringstaket frå 40 til 20 passeringar per månad for takstgruppe 1 og takstgruppe 2, samt kva endringar i bompengeproposisjonen og tilhøyrande stortingsvedtak som eventuelt er nødvendige for å gi handlingsrom til å redusere passeringstaket og den samla bompengebelastninga på Nordøyvegen.

Saka skal vidare gjere greie for korleis eventuelle økonomiske konsekvensar kan handterast, og korleis Haram og Ålesund stiller seg til ei utviding av nedbetalingstid på inntil 5 år.

#### **Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **UT - Utsettingsframlegg**

Lisa Alvestad (SP)

**For:** 9 stemmer (69%) - AP 3, H 3, INP 1, KDL 1, SP 1

**Mot:** 4 stemmer (31%) - FRP 2, KRF 1, V 1

Stemmer:

Randi Walderhaug Frisvoll (KRF)

Pål Farstad (V)

Hans Olav Myklebust (FRP)

Gro Anita Loen Sve (FRP)

### **PS 38/26 Bussordning etter skuletid**

#### **Samferdselsutvalet 10.06.2026**

##### **Vedtak:**

Samferdselsutvalet ber om å få ei sak knytt til vurdering av moglegheiter for meir fleksibilitet i skuleskysstilbodet for elevar som går på vidaregåande, innanfor dagens rutetilbud.

##### **Behandling**

**Ber om sak, foreslått av Hans Olav Myklebust, Fremskrittspartiet**

Samferdselsutvalet ber om å få ei sak knytt til vurdering av moglegheiter for meir fleksibilitet i skuleskysstilbodet for elevar som går på vidaregåande, innanfor dagens rutetilbud.

#### **Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **NF - Ber om sak**

Hans Olav Myklebust (FRP), Andre parti: AP, FRP, H, INP, KRF, KDL, SP, V

**For:** 13 stemmer (100%) - AP 3, FRP 2, H 3, INP 1, KDL 1, KRF 1, SP 1, V 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

## **PS 39/26 Revidert nasjonalbudsjett 2026**

### **Samferdselsutvalet 10.06.2026**

#### **Vedtak:**

Samferdselsutvalet syner til ekstra løyving til fylkesvegane som fylkeskommunen får som frie midlar i revidert nasjonalbudsjett 2026. Samferdselsutvalet forventar at desse midlane vert nytta i sin heilskap til fylkesveg. Utvalet ber om at ein nyttar midlane mellom anna til trafikktrygging, dekkelegging og andre tiltak fylkeskommunedirektøren ser som naudsynt. Samferdselsutvalet syner ellers til at med dagens løyvingar så aukar vedlikehaldsetterslepet på fylkesveg med ca 500 millionar årleg. Dette betyr at løyvingane til fylkesvegane må kraftig oppjusterast.

#### **Behandling**

##### **Revidert nasjonalbudsjett - konsekvensar, foreslått av Hans Olav Myklebust, Fremskrittspartiet**

Samferdselsutvalet syner til ekstra løyving til fylkesvegane som fylkeskommunen får som frie midlar i revidert nasjonalbudsjett 2026. Samferdselsutvalet forventar at desse midlane vert nytta i sin heilskap til fylkesveg. Utvalet ber om at ein nyttar midlane mellom anna til trafikktrygging, dekkelegging og andre tiltak fylkeskommunedirektøren ser som naudsynt. Samferdselsutvalet syner ellers til at med dagens løyvingar så aukar vedlikehaldsetterslepet på fylkesveg med ca 500 millionar årleg. Dette betyr at løyvingane til fylkesvegane må kraftig oppjusterast.

#### **Votering nr 1 - Votering over forslag**

##### **Forslag: TF - Revidert nasjonalbudsjett - konsekvensar**

Hans Olav Myklebust (FRP), Andre parti: AP, FRP, H, INP, KRF, KDL, SP, V

**For:** 13 stemmer (100%) - AP 3, FRP 2, H 3, INP 1, KDL 1, KRF 1, SP 1, V 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

## **GP Godkjenning av protokoll**

**Samferdselsutvalet 10.06.2026**

### **Vedtak:**

Utvalet gikk gjennom protokollen som vart samrøystes godkjend i møtet.